**Statens vegvesen**

# Referat

**Dato:** 09.12.2022
**Tid:** 1000 -1200
**Referent:** Nils Inge Romarheim

**Saksbehandler:** Nils Inge Romarheim
**Tlf. saksbeh.** 906 59 309
**Vår dato:** 22.12.2022

## Møte i styringsgruppa for Bypakke Ålesund

| | |
|---|---|
| **Møtenr:** | 9-2022 |
| **Stad:** | Teams |
| **Møteleiar:** | Tore Johan Øvstebø |
| **Til stades:** | Styringsgruppe:<br>Tore Johan Øvstebø, Anders Riise, Ove Nesje, Cathrine Helle-Tautra (for Kjetil Strand).<br>Sekretariatet:<br>Jøran Mentzoni Eilertsen, Sunniva Ullavik Erstad, Torbjørn Vatnehol, Nils Inge Romarheim.<br>Andre:<br>Marius Maske, Ole Kristian Birkeland, Marit Krekvik, Malin Piegsa, Sol Berntsen Slinning, Christine Rørvik, Torill Myren, Hanne Vegsund Fagerslett (Vest studio) . |
| **Forfall:** | Eva Vinje Aurdal, Øystein Tvedt, Kristin Sørheim, Kjetil Strand. |
| **Kopi til:** | Carl Johansen, Vebjørn Krogsæter, Arild Fuglseth. |

| Punkt | Sak | Ansvar / Frist |
|---|---|---|
| 1 | Innleiing ved leiar for styringsgruppa<br><br>Tore Johan Øvstebø opna møtet. | |
| 2 | Orientering frå Vegamot: Passerings- og inntektsstatistikk<br><br>Marius Maske orienterte om bompengeinntekter og trafikk gjennom bomstasjonane.<br><br>Elbilandelen er aukande og var i november på 22,6 prosent. Det er venta at denne vil fortsetje å auka i tida framover. Delen avtalepasseringar har auka til 95,8 prosent, noko som er svært høgt. | |

| Punkt | Sak | Ansvar / Frist |
|---|---|---|
| | Trafikken ligg 11 prosent over proposisjonen og omrekna gjennomsnittstakst er 2,5 prosent over gjennomsnittstakst i proposisjonen. Ein opprettheld ei inntektsforventning på 320 til 340 mill. kroner i året, noko som er i tråd med proposisjonen.<br><br>Ein må ta omsyn til at det er nødvendig å sjå utviklinga over noko tid før ein kan gjere realistiske berekningar og tilpassingar. | |
| 3 | <u>Fordeling av statleg finansiering på statlege prosjekt i bypakka</u><br><br>Fordelinga av finansiering på statlege prosjekt er gjort gjennom handlingsprogrammet for 2022-2025. I proposisjonen er det ikkje gjort noko fordeling på prosjektnivå, sett bort frå E136 Breivika–Lerstad.<br><br>Ein har ikkje fått tildelt statlege midlar til prosjektet *Brosundbro, og ny gate i forlenging av Keiser Wilhelms gate* i 2023, og kan såleis ikkje starte det opp i 2023 slik finansieringa ligg i dag. Det same gjeld for Posthuskrysset.<br><br>Sekretariatet føreslår at styringsgruppa gjer om på fordelinga, slik at prosjektet *Brosundbro, og ny gate i forlenging av Keiser Wilhelms gate* vert gjort 100 prosent bompengefinansiert. Då kan prosjektet starte i 2023 og det same kan Kollektivknutepunktet i sentrum med Posthuskrysset inkludert.<br><br><u>Vedtak</u>:<br>Styringsgruppa vedtar følgjande fordeling av statsmidlar på prosjekta i bypakka: | |

| Andre prosjekter stat - Egenfinansiering 193,5 mill. 2022-kr | | Ramme stat | Stats-midler | Bom |
|---|---|---|---|---|
| 1 | E136 Brosundbro og ny gate Keiser Wilhelms gt | 317,3 | 0,0 | 317,3 |
| 3 | E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus | 63,0 | 11,3 | 51,8 |
| 4 | Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund | 212,3 | 37,9 | 174,3 |
| 6 | E136 Lerstadtoppen-Campus | 489,8 | 144,3 | 345,5 |
| 7 | Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gåing | 31,0 | 0,0 | 31,0 |
| 9 | E39 Myrland, påkjøringsrampe | 55,3 | 0,0 | 55,3 |
| 10 | Bomstasjoner | 44,2 | 0,0 | 44,2 |
| 11 | Planlegging og prosjektering | 5,3 | 0,0 | 5,3 |
| Andre prosjekter stat | | 1 218,2 | 193,5 | 1 024,7 |

| Punkt | Sak | Ansvar / Frist |
|---|---|---|
| 4 | <u>Trafikksituasjonen i Utvika</u><br><br>Trafikksituasjonen i Utvika har vore oppe tidlegare i haust på møter i styringsgruppa. Etter bompengeoppstart fekk ein ei stor auke i trafikken, men utover hausten har denne gått ned igjen på nivå med mai/juni-tal.<br><br>Bypakka, ved leiar i styringsgruppa, har mottatt mail frå bebuar som meiner at trafikkbiletet er vesentleg endra etter bompengeoppstarten og at gjennomgangstrafikken har auka betydeleg. Det er ynskje om ei bomløysing med to bommar, ein i kvar ende av bygda, der berre gjennomgangstrafikk vert belasta.<br><br>Fylkeskommunen vurderer andre tiltak på strekninga, før bypakka eventuelt seinare gjer ei vurdering i forhald til bom.<br><br>Styringsgruppa tek saka til orientering. | |
| 5 | <u>Vidareutvikling av merkevara Bypakke Ålesund</u><br><br>Sunniva Ullavik Erstad innleia saka. Styringsgruppa vedtok våren 2022 kommunikasjonsstrategi for 2022-2025. Bypakka har seinare inngått ein rammeavtale for kommunikasjonstenester med Vest Studio. I haust vart det gjennomført ein merkevareshop i regi av Vest Studio, og denne viste eit tydeleg behov for å forsterke og vidareutvikle merkevara Bypakke Ålesund. Ein ynskjer å vidareutvikle den visuelle profilen og leggje til rette for verknadsfull og effektiv kommunikasjon, spesielt digitalt. Arbeidet vert finansiert gjennom det ordinære budsjettet for kommunikasjon.<br><br>Hanne Vegsund Fagerslett frå Vest Studio presenterte resultatet av arbeidet deira med vidareutvikling av merkevara Bypakke Ålesund. Ein har utvikla ein verktøykasse som inneheld ein oppdatert identitet, eit malverk, stil og tone, tekstkonsept og kanalstrategi.<br><br><u>Vedtak</u>:<br>Styringsgruppa stiller seg bak retningsvala og planane for det vidare kommunikasjonsarbeidet til Bypakke Ålesund. | |

| Punkt | Sak | Ansvar / Frist |
|---|---|---|
| 6 | <u>Årsplan for møter i 2023</u><br><br>Styringsgruppa sette opp følgjande møteplan for året: | |

| Dato | Dag | Stad | Saker |
|---|---|---|---|
| 20. januar | Fredag | Ålesund | Løysing i sentrum |
| 3. mars | Fredag | | Handlingsprogram, budsjett, årsrekneskap, Tonningsgate |
| 21. april | Fredag | | E136 Breivika-Lerstad (?) |
| 26. mai | Fredag | | E136 Brosundbro, Waterfront (?) |
| 16. juni | Fredag | | |
| 25. august | Fredag | | |
| 29 september | Fredag | | |
| 3. november | Fredag | | |
| 8. desember | Fredag | | |

| Punkt | Sak | Ansvar / Frist |
|---|---|---|
| 7 | <u>Eventuelt.</u><br><br>Ingen saker. | |